

Vedtekter for veglaget Bringen - Bønesli

1. Bringen - Bønesli er eit frittstående privat veglag, som driftes av eit styre med fire medlemmer. Lagets postadresse er: Postboks 34, Lalm p.å. Lagets postgiro nummer er: 8 31 28
2. Vegane som laget har ansvar for er: Kryssset ved Reiregrenda til Saghaugen og Reiregrenda til Brennsøterbekken.
3. Samtlege som nyttar vegane og som eig sater eller hytte, skal etter å ha fått tilsendt innbetalingsblankett frå laget, betala inn det beløpet som er fastsett av årsmøte.
4. Årsmøte skal haldest annan kvart år, og gjer følgande vedtak:
Valg av styre med to medlemmer frå sater eigarane og to medlemmer frå hytte eigarane. Berre to medlemmer blir valgt/ gjenvalgt ved kvart årsmøte. Styreformann velges blandt dei fire styremedlemmane. Styreformann skal veksla mellom dei to brukergruppene.
Vidare sk al det veljast revisor for fire år.
Årsmøte skal fastsetja årsavgifta og gå gjennom rekneskap.
5. Styret skal leggja til rette for ein trygg og god veg. I tillegg skal styre ved behov, innkalla til felles dugnader.

Lalm, den 27. februar 1968